

**Fra:** EIVIND HORDVIK <eihordvi@online.no>  
**Sendt:** tirsdag 10. oktober 2023 14:39  
**Til:** Roger Fanavoll Fjellsbø  
**Emne:** Dykker ref. 23/4697 - 23/65790

Hei

Viser til ditt brev av 30.08.2023 der du ber om tilbakemelding på avløpsforholda på eigedommen vår 474/116 Olsvoll. Eg nyttar denne eposten for å gjere greie for saken i staden for skjemaet som fulgte brevet.

**Avløp:**

Sist vi var i dialog dreide det seg om hol i kloakkrør inn på septikktank. Eg meldte tilbake at holet var tildekt 05.04.23, men sjølve tildekkinga var gjort lenge før det. Parallelt med dette har vi vore i prosess med å få etablert minirenseanlegg for å dagens avløpsløsning. Status er at anlegget er innkjøpt og står klart til å installerast, det er gitt løyve til å etablere minirenseanlegg på 474/5 (sak 909/23) og det er gitt løyve til utslepp av avløpsvatn for 474/5 og 474/16 (sak 899/23). Entreprenør har vore på befaring, vi ventar på at han kan setje i gang.

Ved eit høve i sommar gjekk kloakken tett der vi har problem med røyret. Tildekkinga vart fjerna og holet brukt til staking med armeringsjern. Tildekkinga vart deretter lagt tilbake. I samband med dette kom det noko kloakk ut, avgrensa til eit område 1x1 meter. Holet har også vore nytta til staking eit par andre gonger, utan at det har kome noko ut. Eg vurderer ikkje at dette er eit kloakkoppkome. Spredegrøfta fra septikktanken går vidare og er innom sør-austre hjørne på naboeigedommen 474/30. Her er det bløtt, sannsynlegvis på grunn av heilt eller delvis tett spreiegrøft. Avstand frå dette punktet til nærmeste stad med åpen elv er 65m.

**Hestemøkk:**

Vi har to ponniar. Dei går 100% på beite i beitesesongen, gradvis mindre haust og vår, oppstalla i stall/luftegård når dei ikkje er på beite. I beitesesongen har vi i perioder ein hest her i tillegg. Ved "møkking" sorterer vi skit frå strømateriale (treflis/spon). Skit vert fortløpande spreidd på beiter der det ikkje går dyr og jamnleg molda ned ved bruk av ATV med mosehavr. Strømateriale vert tippa i ei lita sløkt like ved sauehus på 474/5. Her vert det og tippa kvist, ugras, forrestar. Avstand frå denne plassen til åpen elv dette kan drenere til er ca150m. Det kan sjølvsagt forkomme at det følger små mengder skit med som ikkje vert fanga opp vert møkking, men dette er minimale mengder. Veit også at det har vore uhell med sorteringa knytta til ferieavvikling for folket på garden. Så vil eg legge til at vår praksis med hestemøkk er mange gonger nærare lovverket enn det fleirtalet av hestefolk praktiserer. Vi har ein plan om å lage eit lite sauehus til, med kjellar for tørrgjødsel frå sau på ristar. Her skal det og verte luke for hesteskiten som kan nyttast i perioder av året det det er mindre gunstig å spreie den.

Eg har avventa å svare dykkar brev i håp om at entreprenør skullle vere i gang med arbeidet med minirenseanlegg. Det er han ikkje, men eg vel å gjere det no for å tilbakemelde innan fristen. Entreprenør opplyser at han venter på personen han bruker

til sprenging.

Ta kontakt om noko er uklart.

Mvh

Eivind Hordvik, tlf. 91142007